


TORLEIV HANNAAS  
Nynorsk Boksamling



TORLEIV HANNAAS



5

3507

593

hjarte-biu.

G

XXIII

Otto Sandhaug

# hjarte-biu

Dikt

.....

Steinkjer  
L-L Inntrøndelagens trykkeri 1926

5

153955



## Øggsong.

I arbeide må mannen  
syngje for si møy.

Og kan han ikkje syngje meir,  
so kan han eltt: å døy.

6

*Fuglan' syng og skogen lauve,  
Aakran' brødde. Stronnin skin  
Over sjøen står ei solsky  
tynn og fin som bruralin.  
Men i sundagsstille høgtid  
langsmed lida går det to.  
Det er Svein frå Soregg-Plassen  
og so Solveig Mo. Og dei ska  
gifte seg i somar no.*

*Han er høg og slaut og mannsleg  
myrke augo, myrkbrunt hår.  
Ho er ljos og somarfager  
og er kringom tjuge år.  
Og no går dei hand i hand mot  
denne livsens logne krå  
der kor dei skal tufte heimen.  
Gleda skin i deira andlet.  
Og på vegen syng dei så:*

[SVEIN]

*Kjenn kor bårelint det andar  
ifrå alt som veks og skin.  
Aa — den våren! Aa — den angen!  
Du — han er som heilag vin.  
Og han rusar meg i sjela  
med all livsens frys og song  
so eg sig mest ende saman.  
Solveig, seg, har du sett våren,  
du, so vakker nokon gong?*

[SOLVEIG]

*Aldri såg eg grase grønar,  
aldri himlen so-pas blå!  
Aldri såg eg sola spele  
slik i kvar ei doggvåt strå.  
Det er mest som heile våren  
med all song og draum og dis  
just har dukka opp or æva,  
andande mot himmelporten,  
som eit nyskapt Paradis!*

*Nei — ånei — eg såg 'kje våren  
slik eg ser han no idag!  
Du — han var vel alltid vakker;  
men han ha 'kje dette drag*

*over lende av all guddoms  
himmelande, mild og stor.  
Og eg står her, solomlauga,  
og er som ei sæl og nyskapt  
himmelsigna Eva-mor.*

*Og det flyt igjenom kjensla  
liksom songbiv ifrå Gud.  
Aldri har eg kjend slik lengsle  
etter å få juble ut,  
ut til han, i gråt og latter  
all min takk. Eg er so sæl.  
Jau — for alt ei kvinne bed om  
fell so rikt og himmelsigna  
lik ein solfoss i mi sjel.*

[SVEIN]

*Ja — det var t slik helg i live!  
No du Solveig ein gong kom,  
morgonskir og himmelsigna,  
står mi glede høgt i blom.  
Og mitt hjarte fossar over  
av all livsens lov og pris.  
Solveig! Solveig! Må eg juble  
ut mi glede her på vegen  
til vårt kjærleiks Paradis!*

*Aa — som foten din er liten!*  
*Aa — som fingran' din er små'*  
*Aa — som håre lyser konngult.*  
*Augo vårdaghimmel-blå!*  
*Nei — som munnen lyser blodrau,*  
*vårset, vårset. Snu han hit!*  
*Aanei — desse rose-kinna!*  
*Og so denne solsky-panna!*  
*Nei — som halsen din er kvit!*

*Du er blomedæmd og lilje!*  
*Aa — som du er lett og mjål!*  
*Barmen din er som ei bylgje.*  
*Aa men Solveig må eg få*  
*lauge meg i denne bylgja*  
*her i livsens vene vår!*  
*Aa men ser áu, sæle Solveig,*  
*korleis alle bljuge blomar*  
*bøygjer seg der kor du går!*

*Solveig! Solveig! Heile våren*  
*har fått ynde ifrå deg*  
*so han dryp av himlens sæle.*  
*Kor eg vender augo, eg,*  
*strålar perlur av din avglangs*  
*over kvar ein stille lund*  
*som ein draum frå andre heimen.*  
*Aa men Solveig må eg drikke*  
*gudevinen av din munn.*

[SOLVEIG]

*Du må drikke, drikke, drikke,  
drikke med du berre vil!  
Dríkk kvar drope blod frå hjarþe!†  
Svein, å Svein! Aa ver so snill!  
Alt i meg ligg svelt og hunrar  
etter dine varme kyss.  
Og i dine heite famntak  
dånar eg og ligg og kjenner  
himlens sælesøte dryss.*

[SVEIN]

*Gråter du? Aaja av glede!  
Aa den tåra! La meg få  
kysse ho frå augnekråa!  
Kom so Solveig. La oss gå  
bort til brote nedved stranna.  
Eg skal synge deg eit dikt.  
Og det må du tru er vakkert.  
Eg er viss på du vil segje:  
Ailler hi æ høld nå slekt!*

*Nei — som dine steg er lette!  
Aa — som gangen din er spel.  
Yndefull, han flyt og voggar  
lik ein songsjø i mi sjel.  
Og det blømer fram og spører*

*under varmen i frå deg  
sæle rosur i mitt hjarte.*

*Ingen konge, ingen keisar  
er so sael og rik som eg.*

[SOLVEIG]

*Svein min! Dinne ord er lerkur.*

*Dalande frå himlen blå,  
smyg dei av med heilag songbiv  
inn i innste hjartekrå.*

*Svein! Aa Svein! Du er ein heros!*

*Du har himlen i di famn!*

*Og det angar og det vermer  
som eit gudsord gjenom sinne  
når eg kviskrar på ditt namn.*

G [SVEIN]

*Aa — no bøygjer eg i blygsle  
hovude. For Solveig her  
blir vårt draumbu. Og eg tykkjer  
at vi står so agleg nær  
sjølve guddomen den skire  
innpå livsens drøynde strand.  
Og av elsk og takk og glede  
er min hug liksom eit storhav  
som flør solsvævd imot land.*

*Du — her skal 'kje verda nå oss..*

*Her blir alltid kvild og ro.*

*Her er våren tvifall vakker.*

*Her er sola tvifall go.*

*Aa — her andar Paradise,*

*sælerike mitt og ditt.*

*Og her skal vårt kjærleiks tempel*

*tuftast. Solveig ser du korleis*

*heimen veks fram litt om litt!*

*Ser du dette nyland-brote.*

*Ser du brodden kor han tyt*

*opp or svarte feite molla*

*liksom drøymde sælespyt,*

*skir som milde barne-tankar.*

*Du — vi står på heilag grunn.*

*Er det under om det bivrar*

*både gråt og smil og bønner*

*som ein lovsong kring min munn!~*

*Nei — for dette nyland-brote,*

*kjære Solveig, er eit dikt.*

*Slik det sprang fram i min tanke,*

*evig varmt og evig rikt,*

*har eg fødd det av min kjærleik,*

*av mi stille von og tru.*

*Men den sjel som gav det ynde,*

*gav det heillag glans og ange,*

*Solveig, Solveig, det var du!*

[SOLVEIG]

Du — eg blir so glad eg gret mest.  
Kjære, snilde, gode Svein  
var det ikkje tungt å bryte  
all den stubbe all den stein?  
Aa — som du må slite alltid  
for at eg skal få det godt.  
End om eg og kunde take  
hand i hanke; men ho er so  
veik den gjenta du har fått.

[SVEIN]

Tungt? Aanei — det var berr' moro!  
Og du Solveig, du var med  
kvar ein dag. For når eg streva  
so eg seig mest ende ned,  
var det du som kom og strauk meg  
over panna som ein vind,  
kjælte, kysste bort min sveitte  
og låg grorsøt ved mi bringe  
og sa: Kjære guten min!

Då vart eg som vill av styrke.  
Både glad og kløkkt og yr,  
gjekk eg laus på Stein og stubbe  
sterkare enn eg var fyrr.  
Veik? Aanei — du Solveig er den

*sterkas!* gjenta som eg veit,  
Du er rota som eg veks av  
og ei livsens solvigd songmøy  
som held skaldehugen heit.

*Frå den rare stille kvelden*  
*då du Solveig ga meg ja,*  
*har eg gått og brunne inne*  
*til deg med eit kjærleikskvad.*  
*For eg vilde juble ut kor*  
*dyr og kjær du var for meg.*  
*Men min elsk han var so havstor*  
*at med alle ord eg brukte,*  
*kom eg ikkje halvt på veg.*

*For sjå gudesigna elskan*  
*får ein kje songord lagt.*  
*Difor, Solveig, må eg leve*  
*det eg ikkje kan få sagt.*  
*Med mitt liv og med mitt arbeid*  
*vil eg juble deg mitt kvad.*  
*Og då Solveig skal du sjå det*  
*korleis eg er säl og takksam*  
*just for det at du sa ja.*

*Og so kjøpt' eg denne kroken*  
*av han gamle Tore Seim.*  
*Han er urudd — ja — og liten,*  
*men er stor nok til ein heim.*

Når eg får opp denne flåta  
blir det rom her for ei ku  
og ein gris og nokre geiter,  
kansje ogso two-tri sauер  
og litt høns, ell kva trur du?

[SOLVEIG]

Jau — her skal bli rom for all den  
heimsens sæle som er til.  
Du — tenk ku og sau og geiter!  
Svein! Aa Svein! Som du er snild!  
Gud — om heimen vår blir fatig,  
smått om pengar, smått om brød,  
vil eg fryse, vil eg sulte  
for at du og bonna vådre  
kan få nok og slepp' li nød.

[SVEIN]

Og her Solveig har eg sunge  
deg eit dikt forutan ord.  
Ser du denne åkerflekken,  
fyrste åkern vår på jord.  
Skal vi gråte Skal vi juble.  
Aa — men ser du kor han lær  
ut ifrå min eigen elskhug  
Og no Solveig må du kjenne  
korleis hjarte i meg slær!

*Men sjå dette er det fyrste  
verse berre i mitt kvad  
til deg Solveig. Det kjem seinar  
vers på vers i lange rad,  
lysande som sæle draumar  
under maihimlen blå.  
Der blir fjøse! Der blir løda!  
Og der borte, der på haugen,  
der skal stova våres stå.*

[SOLVEIG]

*Svein — eg ser so mykje dagne  
lik ein verden i mitt sinn.  
Heimen! Heimen! Lovsongtemple!  
Små runde barnekinn.  
Der er latter! Der er gråt og.  
Vesle-Svein, han har si sut.  
Eg er mor då. Men som tinden  
i mi lukka, ser eg mannen,  
høg gigantisk som ein gud!*

[SVEIN]

*Og den stova blir vel lita;  
men ho blir no lel eit slott  
og ein prisingsstad for oss to.  
Du — der skal bli lunt og godt.  
Eg skal legge torv på take.*

*Og den flate tømravegg  
skal bli både varm og vakker.  
Og til vern og vakt mot vere,  
skal eg plante rogn og hegg.*

[SOLVEIG]

*Der skal ande heim og hygge  
i den stille logne krå.  
Golve skal vi ikke fli-te  
med å kline måling på.  
Og vi skal ha peis i stova  
som dei alltid hadde fyrr.  
Og i lange vinter-kveldar,  
skal vi halde fest kring åren,  
du, med stev og eventyr.*

[SVEIN]

*Og ved synste stove-veggen,  
skal eg plante små tre  
til ein ven og vakker hage.  
Og i vårkvels stille fred,  
skal han ande i din avglans  
i all helg og solstill dis  
opp mot stova som ein draum frå  
sjølve skire sæle-heimen,  
ja — som biv frå Paradis.*

*Aanei du — som eg skal onne,  
tidleg, ja, sovel som seint.  
Eg skal hegne. Eg skal plante.  
Her skal bli ein draumheim reint.  
Småe rare fuglekassar  
heng eg under møne der.  
For — seg Solveig — trur du ikkje  
du og det at staren kunde  
få seg til å trivast her?*

[SOLVEIG]

*Jau, du Svein, her må det trivast  
alt som har eit slikant lag  
at det syng og at det gled seg  
imot herrens ljose dag.  
Ja då — alt som rettar hender,  
alt som takkar græt og lær  
for at det får vera med i  
alt som gror og veks og angar,  
det du, det, skal trivast her.*

[SVEIN]

*Ja — her skal bli fest og glede.  
Kvar ein dag og kvar ei stund,  
vil eg kjenne takkens lovesong  
verme meg i hjartans grunn.*

*Og min lovsong blir mitt arbeid,  
all min sveitte, alt mitt blod  
Og det blir nok løn for streve  
når eg ser på det eg sådde  
kor velsigna det vil gro.*

*Du — som det er sælt å leve  
når eg veit at eg kan få  
slite ut meg her i streve  
mitt for alt eg elskar så.  
Tenk få leve all min kjærleik,  
all min jubel, all min song  
på min stille blyge korsong.  
Jau, då blir det godt å leve  
og so godt å døy ein gong.*

[SOLVEIG]

*Og for slite og for streve,  
skal eg gje deg heim og hamn.  
og alt vakkert som di lengsle  
nemne kan og gjeve namn.  
Eg skal stulle. Eg skal stelle,  
so du støtt skal lengte hit,  
kysse sveitten frå di panne,  
stråle mot deg stølt som sola,  
ja — og signe alt ditt sliit.*

*Kanskje og ein vakker vårdag  
kjem ein liten unders prins  
til vårt sæle draumerike.  
Du — eg blir so mjuk til sins.  
Orda brånar meg i munnen.  
Blode fossar som ein straum.  
Aa — som vi blir rike då du  
hiti denne nybrotsheimen.  
Nei — ånei lel, for ein draum!*

[SVEIN]

*Ja — då trur eg det blir song her,  
song og jubel rein og rik  
i vårt stille kjærleiks tempel.  
Nei — at vi skal få det slik!  
Må vi gråte. Må vi juble.  
Må vi sige ende ned.  
Og so segje takk til han som  
la slik elsk i hjarto våre.  
Bøygje hovud. Bøygje kne.*

[SOLVEIG]

*Ja, du Svein min, la oss takke.  
La oss sende lov og takk  
opp til han den eine, eine;  
utan han vi inkje rakk.*

*Kjære Svein min, gjev meg handa,  
la oss saman bøygje kne  
over alle våre draumar.  
Og so la oss saman bede:  
Sjå i misskunds nåde ned.*



*Hjarte-biv.*

G

## *Hjarte.*

*Eg har korkje gull eller gylte salar.  
Mitt legu er halm og strå.  
Og godtfolk døypte meg varg og skabrand.  
Men eg har noko endå.  
Eg har eit hjarte. Det skjelv i bringa  
likesom vatn mot fjell  
langt, langt, langt inni ville skogen  
ein solblank blåsande kveld.*

*Aa, kom, å kom hit til dette vatne  
ein kveld som denne; å kom,  
om ikkje meire so denne kvelden,  
'det er deg det skvalar so om.  
Seg, kjem du ikkje! Aa, sjå det skymest.  
Uff, so må storsjøen dø.  
Aa, høyr han græt i si aude einsemnd  
sårt imot haustbleike hø.*

\*        \*

*Du liknar ein solgud.*

*Du liknar ein solgud der du sviv i kvelden.  
Soleglads-elden  
brenn lik ein glorieglans i ditt hår.  
Du er liksom drømmen om all denne venleik,  
guddom og reinleik  
i all verdens lengsle og song der du går.*

*Som solsvædde sudhav i heilage drømme,  
milde og ømme,  
lyser ditt auge og andar ditt bryst  
opp mot ei mildare reinare verd og  
sælare ferd og  
opp mot ein lysare, varmare kyst.*

*Varmt i di sjel, i din munn, i din ange,  
i dine sange,  
ligg noko læskande, lækjande ømt.  
Og i ditt sinn gror ein verden av drømme  
med alt det ømme  
som noko lengtande songsjel har drømt.*

*Eg kan ikkje før eg blir lengtsjuk i linne  
songmjuke sinne*

*som seve i vinden ein kveld i ei vik  
og at det kjennest som hjarte mitt dåne  
og liksom bråne,  
når kvelden og våren og du møter slik.*

\*       \*       \*

### *Vår.*

*Det er våren og all verda står i blom  
og brann i kveld.  
Og det er slik sol og lykke og slik ange  
og slik eld  
og slik song og slik ein jubel og slik glede  
at ein godt kan gå og grine  
korpas verdensvis ein vil,  
ein blir god og gal av lykke.*

*Ja, det hender enda til  
at ein vitug mann finn på å lage kvede.*

*Ja, for Herre gud, det er da berre vår  
og vår og vår  
her med alle verdsens lengslur og ein vind  
som kjem og går  
som eit gufs av alt det ømme, som ein ande  
ifrå evigblåe himlen over gudsens grøne jord*

*medan sola millom skyer,  
som på himmelsjøen ror,  
går inn som ein mektig gud mot fjerne lande*

*Og eg takkar i mitt hjarte  
for at himmelen er blå  
og for det at sola speler slik  
i kvar ei lita strå  
som står dogga i det ville vene drive  
av all våren som går havstor over jorda  
med sitt spel.  
Og eg blir som gal av glede;  
for som himlar i mi sjel  
lyser sola, lyser våren, lyser live.*

*Aa, eg står her da som sev i sus av alt  
som gjer meg godt  
og gjer hjarte stort i bringa mi  
og sinne himmel-blått  
liksom vårhimlen sjølv over lende.  
Og sjølv blir eg som eit barn igjen  
og segjer noko ømt  
om ein verden av alt vakkert  
eg har dikta meg og drømt  
i all vår og venleiks namn omkring ei  
— henne.*

*Gud, ho er da sjølv som våren  
der ho liksom drømmen sviv  
med all vår og song og ange  
og kvart lengslesolvarmt biv  
i si sjel og i si røyst og i sin ande.*

*Og i gongen voggar sjør av all guddom  
der ho går  
liksom musikk gjennom kvelden  
og har blomar i sitt hår  
og har eftanrauden blodskir på si panne.*

*Aa, ho er liksom eit syn og som eit soldikt,  
som ein song.*

*Hennar sinn er som ein himmel  
med sin store stjernegong  
av all lengsle og all drømme omkring  
mannen.*

*Og sjølv sit eg og er gud i denne himmel  
skir og fin*

*Og eg dømer, kjem ei sjel som bed om frelse  
og vil inn:*

*Hut, din skarv og tater! Nord og ned til  
fanden!*

*Nei, no går eg nok og slær ei diger skrone  
på min veg.*

*Bur ein syndi gud i himlen hennar,  
er det ikkje eg:*

men den helgenen ho no har, gjer visst dette.  
Eg er degradert og nedstøytt.

Men kven hengjer seg for slikt?  
Herre Gud, det er da våren og eg går  
og skriv eit dikt  
til all pris for både Mari og for Mette.

Og eg jublar gjennom kvelden  
og har vårsol i mitt bryst  
Her er berre sol og glede!

Nei, som live bårar lyst!  
Aa, sjå sjøen! Aa, sjå skogen!

Aa, høyr songen!  
Og om eg er kåt og galen,  
blir du ikkje harm vel, Gud?  
Nei; du veit kvelden er so rar.

Og eg vil ut! Eg vil ut!  
Eg er da ung berre denne eine gongen.

Og kven kan gå ein kveld som denne  
og vera klok og kald  
midt i ville vene våren under store  
stjernefall  
av all evigstore under over under?  
Nei, det veit eg ikkje. Men eg veit  
at våren i min barm  
har etter ein gong gjort  
at de vil finne meg for varm.

*Aa, men trøyst dykk godtfolk;  
det blir andre stunder.*

*Og stilt ein gong om sange frå mitt bryst  
og frå mi penn  
om våren og om live, om og om og om igjen  
alle desse vårens såre lengsler ømme.  
Men kvi vil de ikkje skyne  
og la våren vera vår?*

*Gud vi blir da tidsnok gamle  
og får vett og gråe hår.  
Og de ha da og ei tid med song og drømme.*

*Den gong dykkar vår drog lengslemild  
og mektig over land  
som ein grøn og veldig galning, ja,  
og sette dykk i brand  
for ei Sigri, for ei Solveig, for ei Stine,  
å, sjå den tid kjende de og noko  
som i våren bad.*

*Og da var de like snare til å læ  
og segje ja  
som de nd er til å segje nei og grine.*

*Ja, men Gud velsigne kvar ein kvinsur  
bitter gamal krok  
der han går og ber sin alder  
og er verdensvis og klok.*

*La so vera han har mista våren, elden.  
Sjå, for ein gong blir det vi  
som går og grin og bøygjer rygg  
over visdomen og vette medan ungdomen  
som mygg  
svermar ut til gale streker gjenom kvelden.*

*Og da er det dei som jublar og har vårsol  
i sitt bryst.*

*Her er berre sol og glede!*

*Nei, som live bårar lyst!  
Aa, sjå sjøen! Aa, sjå skogen!*

*Aa, høyr songen!  
Og om vi er kåt og galne,*

*blir du ikkje harm vel, Gud?  
Nei; du veit kvelden er so rar.*

*Og vi vil ut! Vi vil ut!  
Vi er unge berre denne eine gongen.*

\* \* \*

*Tris.*

*Du er tusen gonger betre  
enn alt ja, sku eg meine.  
Og av vakkert gror ein verden  
i mitt sinn omkring ditt namn.  
For ein sår og fatig fant  
som er so grenselaus åleine,  
er det sælebot og frelse  
og himmel i di famn.*

*Du er evig go å finne  
bå i væta og i tørken.  
Du er trøyst i sorg og lengsle  
og lækedom for sår.  
Ja, du er og var og blir meg  
ein oase i min ørken  
der kamelen på si vandring  
i Sahara kjem og går.*

\*       \*       \*

## *Skjoldis.*

*Du kjære, kjære Skjoldis som heilt har  
vorte mi,  
å — få dikte deg eit lysande kvede.  
Få dikte det med blod;*

*Aa — du veit kje kor ho svi  
denne lengsla under all mi store glede.*

*Det skal ikkje kome ut på vidda vid og vill  
og sulkast til av denne vonde verda;  
men kvile skal det longt i di gøymse  
stor og mild  
og fylgje med og varme deg på ferda.*

*Og so ein einsleg kveld,  
tak det då og leit det fram,  
når ryggen din er bøygd og håre gråna,  
les det for deg sjølv og finn fram i din barm  
til den våren då alle solsund blåna.*

*Kan hende er det då ikkje akurat som no,  
kan hende sett vi trøytte der inne?*

*Men minna, kjære, minna skal svæve  
longt til ro  
og svive liksom englar gjenom sinne.*

*Og då so er dei gule alle desse blad  
av år og av kistestov og elde.  
Og då når du les dette milde varme kvad  
vil ei tåre i takkhug du felde.*

*Og sjå at mitt kvede, det eigentlege kvad  
eg kledde stilt i ordhamen fine,  
er hallande livsdagen over den stad  
eg stridde for meg og for mine.*

*Du kjære, kjære Skjoldis få dikte deg eit  
slikt,  
få tene deg kvar dag og kvar time.  
Få bera deg på hender so blir live mitt rikt!  
Og lat oss saman dikte og rime!*

*Og so ein stille kveld etter onn og slit  
og kav  
når skuggen kjem so lang over lende,  
vil eg sælt i di famn få stille somne av  
når mitt lysande kvede tek ende.*

\*       \*       \*

*Inn under merke.*

*Samvete talar i nokon kvar  
når ein ser korleis urett lever  
høgføtt på jorda og mor og far  
som slæpar og slit og strever  
i naud og armod og har det vondt  
og doggar med blod og sveitte  
og vermer med tårur og hugsår smil  
heimen dei opp seg leitte*

*Visst er han liten og steinut og;  
men heim er no heimen likvel.*

*Og om du for vide, du aldri såg  
nokon stad slikt eit solspel  
som heim i det heilage stille tun  
hos far og hos mor i garden.*

*-- No er dei kan hende gøynt og gløynt  
og longo und' torva faren.*

*Men du som såg deira naud og strid  
og veit kor dei hund'tru tagde,  
og leid og blødde und båra si  
som tidleg i grav dei lagde,*

*du har ikkje rett til å stå slik spak  
mest som ein stakars tåe;  
men inn i striden for sannings sak,  
so rett og rettferd får råde!*

*Inn under merke moy og mann,  
ja, alle gamle og unge!  
Kven har bore lande og folke fram  
i tidene lange og tunge?  
Det er vi! Og no stiller vi våre krav  
vi som ber slite og streve!  
For han som vite og helsa gav,  
han gav og rett til live.*

\* \* \*

*Ved minnenes åre,*

*Eg har spotta dine augo, din munn  
og dine kinn  
gong på gong enda Gud veit det under  
du vart i mine lengslur som fann skogar  
i ditt sinn  
å suse i i namnlause stunder.*

*Ja spotta kvart eit kyss og kvart eit  
trøystande ord,  
kvart eit smil, kvart eit kjærtegn,  
kvart minne  
og alt av elsk og lengsle som rodde  
og som ror  
likt eit gråtande skogsus i sinne.*

*Og eg angrar eg var dum og eg spottar  
deg so varmt  
alle stunder eg minnene feire.  
Men dette live mitt som er so ussett  
og so armt,  
sjå dét angrar og spottar eg meire.*

*Men eg kjem ikkje ifrå her eg sit so skrinn  
og gul  
at sanninga ligg eg nok og døl med.  
Det er sant, eg spottar meg, ja. Men deg?  
Det er eit sjul  
og ei lygn eg vil trøyste meg sjølv med.*

*For — for kvar ein gong eg segjer noko vondt  
ved ditt namn,  
bårar elsken og gråten og minne  
i hjarte med all varme og all pine i si famn  
som ei songsjel kan rømme i sinne.*

*Det er stygt å spotte himlen; men ein finn  
på so mangt  
når at ord ikkje lenger kan måle  
kva eit sinn kan ha stride med av varmt  
og vondt og vrangt  
og kva hjarte må lide og tole.*

*Aa, det er vel reine vanvit; men eg elskar  
deg enn  
med hjarte det varme og det ømme.  
Og eg bøygger kne i sinne, bed:  
Gud signe deg min venn,  
dine smil, dine steg, dine drømme.*

*Du var meg som ein soldrøm der du kom og  
sigla inn  
og møtte korkje bægje ell stengsle.  
Og Gud veit for ein verden  
som du vart i mitt sinn  
av alt vent som du spann i mi lengsle.*

*Og eg signer alle minner om dagar  
som er gått  
og takkar — med eg knuser ei tåre —  
for kvar ein salig time og for både vondt  
og godt  
du spann i mi sogu gjenom åre.*

*Og eg bøyggjer kne ei stund innved tomta  
til mitt slitt  
som brann ned med den drømmen som slokna  
og angrar alle feiltrin, alle misstak, alle brott  
og hugsar på eit rike som drokna.*

*Men dette er vel ingen ting å gråte for i song.  
Herre Gud, det er da mange slike.  
Og sjølv — om eg blir konge i eit slikant  
land ein gong,  
blir det neppe noko fredens rike.*

\* \* \*

### *Frå fabrikken.*

*Vi vil ut ifrå bråk og maskinur,  
ut frå larm og frå helvitets jag,  
ut til menneskerett og den milde,  
gode luft og menneskenes dag!*

*Her er kvalmt. Som ei murrande trollkvenn  
maular fabrikken alltid og går.*

*Men der ute, der menneske lever,  
der er sol, der er song, der er vår.*

*Ogso vi, ogso vi er mennesker  
og har menneskets lengt i vårt bryst  
til å leve vår dag i det frie  
einkvan stad på ein jordelivs-kyst.*

*Herre Gud, her er jord nok og vår nok,  
berre vi kunde vinne vår del.*

*Vi er da og sjølve av jorda  
og har jordham og skinande sjel.*

*Vi er skapt og er skapt til å skape  
ut frå skapingens gud i vårt holl  
og å sette vårt segl på vårt arbeid  
iuntil dagen vi atter blir moll*

*og vårt jordrøtte lengsleliv sloknar  
liksom haustsoleglad over fjell  
medan nye og skapande ætter  
synger morgenon over vår kveld.*

*Lat oss ikkje i nød og i trældom  
auke nøda til ætter som kjem.*

*Lat oss hellere legge — mennesker —  
ein velsignelsens dåp over dem.*

*Blir vi her blir vi alle maskinur  
med menneskemaskin' går i stå.*

*Nei — der ute er jorda og våren!*

*La oss stenge fabrikken og gå!*

\*       \*       \*



*Med skiva snur.*

*Det har vorte stilt på torg og storveg;  
liv som jubla ligger svævd i ro.*

*Ingen lått og prat frå glade munnar  
omar gjenom stilla ljodvar no.*

*Det er natt og milde skuggen kviler,  
mjukbermd, andande sin store fred  
over saftsøtt, heilagt mogningslende  
som ei svalande velsigning ned.*

*Fullblømd liv i sine mjuke linjur  
søv med fulle barmar. Søtt og ungt  
andar det i store mogningsfylle  
og heilagt augneblek so skapings-tungt.*

*Men eg kjenner sårt at livesens storflod  
lint frå stengde slusur langsomt går.*

*Og det styn igjenom merg og jordbarm:  
det er kje lenge sidan det var vår!*

*Og no snur det etter imot hausten;  
lagnads-skiva snur so tungt og stort.  
Og alle livesens rike signings-stunder  
somarn' baud, dei har eg sumla bort,*

*nytta ikkje tid og stad og høve,  
dorma dagan burt til inkjes reint.*

*— Men eg må få leve denne soltid  
som er att fyrr at det blir for sein!*

*Aa, eg må få stette torst og hunger  
her fyrr lagnads-skiva rundt seg snur  
imot myrkeheim og kalde nåstrand!  
Bakom lauvheng-løyne slår på lur  
mannen, hollaus, med den lange ljåen  
som vil hogge kvar ei livsrot av.  
— Vis meg vegen til ei signingskjelde  
blinde, lunefulle lagnad-stav!*

\*       \*       \*



*Venus.*

*Liljur lavar og blomar blømer.  
Der du i kvelden sviv  
er det likesom sjølve våren  
får både song og liv  
av ditt ynde, so jord og himmel  
syng saman i store spel.  
Og angen sot frå din unge lekam  
er helsebot for mi sjel.*

*Kvar ei rørsle i lette gonglag  
er tonar med heilag saft  
som dryp sin vin gjennom sjel og sansar  
og eggjer mi manndoms kraft.  
Venus! Venus! Du er som mora  
til våren med all sin gror,  
ei Gud velsigna og skir gudinde  
og solånd på denne jord!*

\*                     \*                     \*

*Inni berg,*

*Gje meg ein smule  
ein ørliten dråpe av all den  
varme som hjarte mitt  
lengtar og tråskrik imot.  
Berre ein einaste heilag  
sekund la meg kjenne  
live si bylgjande lukke  
igjenom mitt grjot.  
Eller finns ikkje den drykk  
som kan svale mi lengsle  
og stette mi æsande  
livshungerpine i ro  
og lyfte meg jordrøtte  
fangen or kjøvande fengsle  
og drøype si hugstore  
signing i brennande blo.  
Eg er so syrgjeleg framand,  
og er liksom goten  
ut or ein draumheim, ein Eden,  
og difor min lengt  
logar so vonlaus; for porten  
i låse er skoten*

*og eg er forbanna, fortrolla,  
og vegen er stengt.*

*Eg går her forgjort eg i trasur  
og armod; men veit at  
eg er ein draumson, ein prins  
som er ille forstøytt  
her inni berg av ei trollheks.*

*Aa — kjem eg kje ut att  
fyrr draumsonblodvarmen inni meg  
er død og forøydt!*

\*       \*       \*

*Song og armod.*

*Eg sit her so mo åleine  
og syng for mitt arme liv  
Med kalde flirande verda  
og bitande armod riv  
blodstrimur gjenom sjela,  
den songlinne kløkke sjel  
der rullande varme bårur  
flyt i mitt s'ille spel.*

*Men godtfolk står rundt og flirer  
og geiper med spe og spott:  
Han tenkjer ikkje på maten,  
kan jaggu ha det so godt  
og gå der so tullerulsk  
som ein stakars Tore Fortenkt!  
Det var best for den arme såla  
at ho ein gong vart hengt!*

*Lel syng eg no ut mitt kvede  
og gløymer all spott og spe  
i songen si trøyst og glede.*

*Men alt som eg syng og kve  
blømer det berre armod  
og sorg i mitt vesle reir  
som et det so snault ikring seg  
og briskar seg meir og meir.*

*Men eg er glad i mi armod  
og sorga, ho har eg kjær;  
for både er nærskyld songen  
og fylgjer angande nær  
på vegen, den klungrevegen  
kvar poet er nøydd å gå  
som ikkje blir klok som bygda;  
men sultar og syng endå.*

*Slik el eg på song og armod  
og sorg i mitt songarsinn.*

*Men songen viser frå nauða  
veg til sitt rike inn.*

*Ikkje av denne verda;  
her høver eg ikkje godt,  
nei, vestanfor sol og måne  
i skinande blankt og blått!*

*Der er mitt kongerike;  
der er eg meir enn rik.  
Dit når ikkje arme verda*

*med matkrig og skrål og skrik.  
Eg syng og gløymer mi armod  
og rid til mitt kongeslott  
vestanfor sol og måne  
og lever og har det godt.*

\* \* \*



*Mars-kueld,*

*Regnvåte nytvegne vårskogen susar  
i mildver og dansande solvind frå sud.  
Med dagklären skyl ut sin logande blodflaum  
restover snøfjelle, stig denne songflaum  
som sigerens kvad over all heimsens sut.*

*Høyр denne songen! Aa sjå denne sjøen  
som ligg der og speglar av himmel og sky!  
Sjå berrflekkia aukar og iskåpa brånar!  
Og lande det stig som or æva og blånar.  
Det er som bå' himlen og jorda er ny.*

*All staden let det i rennande vatn.  
Aa skire sylvsong og heilage biv.  
Susing og sjø imot kveldblåe salar  
stig ifrå jordlægd og nedsnødde dalar  
og ifrå alt det som stundar mot liv.*

*Ogso i meg er det isar som brånar  
og snøar som tinar i sol og i vind.  
Og med eg står her — eg som var tela—  
kjennen eg anden av Gud gjenom sjela  
reise eit soltempel djupt i mitt sinn.*

\* \* \*



*Vi møttest.*

*Vi møttest ved Lindehagen  
ein vår i mi ungdoms tid.*

*Det var skinande stille kvelden  
med solgull i lund og lid.*

*Ho stod der so ung og fager.  
Augo var som ein vår.  
Og munnen han lo og lyste,  
vinraud av syttan år.*

*Håre, det var som konngull  
og barmen som bylgja kåt.  
Ho var so fortrollande fager  
at hjarte mitt skolv i gråt.*

\*       \*

*Til spe og spott.*

*Eg smiler til godtfolks spe og spott  
og ruslar min eigen veg.*

*Flir og ringeakt gjer visst godt  
for dei, om ikkje for meg.  
Men la dei snakke; det var då synd  
om dei skulde misste det  
som gjev det godtfolk slik herleg prat  
og slikan ein sjlefred.*

*Nei, eg ruslar min eigen sti  
og tenkjer langt i mitt sinn:  
La dei få leve på gleda si  
alt inntil dei sjølve finn  
at denne gleda er skrinn og skral  
og syrgjeleg død og kei,  
og at eg slett ikkje er gal  
om eg ikkje er nett som dei.*

\* \* \*

*Kveld over muren.*

*Sjå — etter ein dag går under —  
å nei — som dei renner fort.*

*Eg får ikkje tid og stunder  
til alt som eg sku ha gjort.*

*På muren som står og stengjer  
so isande kald og grå  
ter seg 'kje minste munen;  
han tornar seg høg endå.*

*Eg tok fatt so ung og tidug  
og hadde so bergfast tru.  
Eg lenkte når du er idug  
so vinn du vel sakta du  
det heilage høge måle  
som blinkar der framme blått  
i ungdomens varme draumsyn:  
Soria Moria slott.*

*Men eg fekk anna røyne,  
og meire enn nokon trur;  
det stod inni lauvheng-løyne  
ein stengjande iskald mur.*

*Der var ikkje skår i berge;  
der var ikkje feste få.  
Og den som kje vengjer åtte  
han kunde 'kje over nå.*

*Eg smidde meg kvasse jønnklør  
til feste på hand og fot.  
Sjå — no er du atter flakfør,  
eg tenkte med nykveikt mot,  
og tok fatt i tru å klive;  
men det vart so sår ei trå.  
Eg kleiv og eg kleiv og stunda;  
og kliv og stundar endå.*

*Men ser at eg ikkje vinn opp.  
Sjå — live, det er so stutt.  
Snart kjem vel den siste kvelden, --  
og so er mi kliving slutt.  
— Eg ser alt i einsleg hugkløkk  
og kveldsol som skin som blod  
at mannen med ljåen nykvest  
stig fram over bleike mo.*

\* \* \*

## *Draumstrand.*

*Kvifor finn du ikkje vegen  
hit til ein drøymar på einslege strand?  
Du er då ogso åleine;  
du har då ogso ein brand  
av logande lengsle  
djupt i ditt hjarte  
etter eit varmare land.*

*Her er det einsleg og stille.  
Og her er det godt for ein drøymar å bu.  
Her er det ingen som spottar  
og valdar meg pine og gru.  
Her er det bortdrøymt.  
Her er det sæle.  
Einast som vantar er du.*

*Du som mitt songhjarte syng om —  
du som har solhimlen blå i di famn,  
du har kje enn funne vegen  
hit til den livssæle hamn.*

*Men uti verda  
går du nok ein stad,  
trur, eg, og kviskrar mitt namn.*

*Og visst ein dag må du finne  
fotspora mine. Av lengsle og slit  
ligg dei so blodraud og lyser  
storstille songstien hit.*

*Heilage norne!  
Heilage Venus!  
Heilage songsvane kvit!*

*Og fara, dei vil du nok fylgje  
som går ifrå islande vesalt og grått.  
Og du vil skine av lukke;  
dei ropar den veg eg har gått.  
Aa — du vil kome!  
Og vi skal bygge  
eit songens — ja lovsongens slott!*

*Difor so sett eg og ventar  
her ved den drøynde og livs-sæle strand.  
Som einslege gud i eit tempel  
går sola ned over land,  
flammar og flammar,  
logar og logar.  
Himmel og hav står i brand!*

*Skunda deg, skunda deg songmøy!*  
— *Skunda deg hit skal du gudeland sjå!*  
*Soria Moria-lande*  
*logar der uti det blå!*  
*Heilage norne*  
*med heilage drykken,*  
*kom — vi kan gudeland nå!*



*Siste helsing.*

*So — la meg takke for fylgje  
no når vårt fylgje er slutt.*

*Det er sant, det var grenselaust vakkert  
og rart — om det vart litt for stutt.  
Eg drøynde at det skulde vare  
både i varmt og i vått  
kvar evige dag til den siste  
bakken på vegen var gått.*

*Men draum er no draum og han døydde  
og med honom døydde so mangt  
som skein lik ein verden i sinne.  
og blåna so lengtande langt.*

*Men det er greitt, du vil aldri  
angre det her på din veg  
at du var meir tru mot andre  
enn du var tru imot meg.*

*La meg so sende ei siste  
helsing med takkande ord.  
Takk for kvar namnlaus og salig  
solstund vi hadde på jord.*

*Hav takk bå for smil og for kjærtegn  
og trøst på min trøstlause veg.  
Må ein mann, ein heim og ein bånskokk  
og himmelen velsigne deg.*

*Men om din veg blir litt einsleg  
og knudrut og tungsam iblant,  
so vil du vel sende ein tanke  
attende og hit, ikkje sant  
ein kveld du sitt bøygð under suse  
av mimrande minnenes kvad?  
No — Takk for meg! Lykke på vegen!  
Og so må du ha det so bra.*

\* \* \*

*Skodde,*

*Det er etter ein kveld og eg ruslar og går  
mo åleine her hugsjuk og arm.  
Og det verkjer og grep djupt i sårhugen sår  
og slit inni lengtsåre barm.*

*Eg er so åleine. På guds vide jord  
er berre tomt bakom tomt.  
Og tankane flakkar i sør og i nord  
i einsemid og skodde og skomt.*

*Eg er ein leitar men ser inga bru  
til rike som eg ynskjer nå.  
Du som er mergheil og sterkt i di tru,  
vis meg den veg eg kan gå.*

\* \* \*

